



§ 5e Vedtransport (sjå under)

Køring av ved frå eigen eigedom til hytte eller køring av ved frå annan manns grunn  
(legg ved kopi av avtale)

G.nr./b.nr: \_\_\_\_\_ Namn, geografi: \_\_\_\_\_

§ 6 Særskilde behov (sjå under)

Ved særskilde behov for bruk av snøskuter som ikkje vert fanga opp andre stader i lovverket, kan ein søke etter denne paragrafen. Behovet skal ikkje vere knytt til turkøyring og det skal ikkje kunne dekkjast på annan måte. Søkjaren må leggje ved ei skriftleg grunngjeving.

\_\_\_\_\_ den \_\_\_\_\_ .....  
(stad) (dato) (underskrift)

Søknaden sendast til Valle kommune, **post@valle.kommune.no**

**Snøskuterløyvet vert tilsendt elektronisk.**

Søknader som ikkje er fullstendig utfylt, vert returnert. Les på under om krav til søknaden.

**Merknader til søknaden:**

## Merknader til søknaden forts.

### Krav til søknaden

#### § 5b Funksjonshemming

Søkjaren må legge ved legeerklæring som dokumenterer sterkt nedsett rørslefridom. Det må vidare opplysast om kva for område søkjaren ynskjer at løyvet skal gjelde. Det vert berre gjeve løyve etter ei av snøskuterløypene teikna inn på kommunen sitt løypekart og berre ein tur fram og attende same dagen.

Funksjonshemming som skuldast alder eller mellombels sjukdom vert ikkje femna av denne paragrafen.

#### § 5c Eigar av hytte/setebu, bruksrettshavar/leigetakar av hytte/setebu

Om eigaren eventuelt ikkje kan finnast att som tinglyst heimelshavar/festar til grunnen der hytta/setebua står, må eigarforholdet dokumenterast gjennom skriftleg vedlegg. Omgrepet eigar omfattar også eigaren sin næraste familie definert som ektefelle/sambuar og born, svigerborn og foreldre

Leigetakar/bruksrettshavar leverer inn søknad for seg vedlagt skriftleg avtale med hytteeigaren med ein avtaleperiode på minst eitt år. Det vert gjeve løyve til to leigetakarar/bruksrettshavarar for kvar hytte. Omgrepet leigetakar omfattar leigaren og ev. ektefelle/sambuar. (NB! ikkje born).

Nødvendig tilsyn med hytte der det trengst snøskuter, må utførast etter løyve gjeve til eigar, leigetakar/bruksrettshavar eller ervervskøyrar.

#### § 5d Utmarksnæring utanom tradisjonelt landbruk

Gjeld fastbuande som i stort omfang driv utmarksnæring utanom tradisjonelt landbruk, t.d. jakt, fiske og hytteutleige. Søkjaren må legge ved eit eige ark som fortel om den aktuelle næringa og om behovet for eit snøskuterløyve.

#### § 5e Vedtransport

Søkjaren må kartfeste kvar veden skal hoggast og leggje ved skriftleg avtale med grunneigar.

#### § 6 Særlege behov

Søknad på eige ark avgrensa så mykje som mogleg med omsyn til personar, tid og stad.

Aktuelle formål:

- Næringsdrivande som treng løyve i samband med til dømes byggjearbeid eller reparasjonar av havarerte snøskuterar. Søkjaren må kunne dokumentere at han driv næringsverksemd.
- Tungtransport, spesifisert i søknaden, til hytte nærare enn 2,5 km frå brøyta bilveg.
- Personar med funksjonshemming som ikkje vert fanga opp av § 5b.
- Grendelag eller liknande tilskipingar som skal ha eit sosialt arrangement. Søknaden må spesifisere tid og stad.

Løyvegjevinga er heimla i Nasjonal forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag, fastsett av Miljøverndepartementet 15. mai 1988.